



Prop. 1 S Tillegg 2

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2011

Endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 (kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i Finnmark og Troms)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 5. november 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Regjeringa har som mål å medverke til ei berekraftig og konkurransedyktig norsk havbruksnæring, som kan bidra til arbeidsplassar og verdiskaping langs kysten. Sommaren 2009 vurderte Regjeringa marknads- og miljøsituasjonen i næringa og fann at det var rom for moderat vekst i næringa i 2010. Det vart bestemt at veksten skulle takast ut ved å tilby etablerte aktørar å auke maksimalt tillaten biomasse (MTB) på løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeare med 5 prosent. Enkelte kyst- og fjordområde vart unntekne, der vekst ikkje vert vurdert som miljømessig berekraftig. Som følgje av forslaget vart det rekna med inntekter på om lag 360 mill. kroner knytt til vederlag for auka kapasitet på oppdrettsløyve i statsbudsjettet 2010.

Etter at forslaget vart sendt på høyring melde Mattilsynet om ei forverring i lakselussituasjonen langs delar av kysten, og aukande førekomst av nedsett følsemd mot lusebehandlingsmidla. På bakgrunn av dette vart det avgjort i desember 2009 at kapasitetsauken i oppdrettsnæringa skulle utsetjast inntil ein fekk betre oversikt over utviklinga i lakselussituasjonen.

Stortinget er halde orientert om utviklinga i saka både i samband med revidert nasjonalbudsjett 2010, jamfør Prop. 125 S (2009-2010), og i Prop. 1 S (2010-2011) for Fiskeri- og kystdepartementet.

Denne proposisjonen gjeld forslag om 5 prosent auka MTB i Finnmark og Troms, som kan realiserast i 2011. Det vil i 2012 bli gjort ei ny vurdering av spørsmålet om kapasitetsvekst.

2 Lakselussituasjonen – utvikling og status

Fiskeri- og kystdepartementet og Mattilsynet har følgd utviklinga i lakselussituasjonen nøye.

Det er det siste året sett i verk ei rekkje nye tiltak for å få betre kontroll over lusesituasjonen. Oppdrettarane har fått meldeplikt til Mattilsynet ved mistanke om resistens, og Mattilsynet har fått fullmakt til å påleggje samordna drift, brakklegging og om naudsynt utslakting. Frå 1. januar 2011 blir det kravd heildekkande presenning ved badebehandling mot lus. Eit anna eksempel på tiltak som er sett i verk er soneforskrifta for Hardanger, der oppdrettarane blir pålagde samordna

utsett og brakklegging for å redusere lusebelastninga på vill laksefisk. Mattilsynet arbeider no med oppretting av fleire soner med særskilde driftspålegg, og soneforskrift for Nord-Trøndelag har vore på høyring. Mattilsynet har nyleg sendt ut på høyring ei forskriftsendring som krev utvida meldeplikt for bruk av lusemiddel og rapportering av lusetal kvar veke.

Næringa har lagt ned eit omfattande arbeid. I vinter og i vår vart det, slik som i 2009, gjennomført koordinerte avlusingar langs kysten. Omsynet til den utvandrande smolten var hovudårsaka til dei koordinerte avlusingane som næringa gjennomførte i vår.

Førebels rapportering frå Havforskningsinstituttet viser at laksesmolten, i år som i fjor, kunne vandre ut i havet med liten lusebelastning. Ut i frå hovudformålet, å sikre utvandrande villaks, var kampanjen difor vellukka.

Mattilsynet meiner tiltaka som er gjennomførde sidan hausten 2009 på mange måtar har vore effektive. Likevel var talet på lus på landsbasis i haust på om lag same nivå som på same tid året før. Det er likevel store regionale skilnader i luse-nivået på oppdrettsfisk. Det er til dømes omtrent ikkje lakselus på oppdrettsfisken i Finnmark og Troms. I haust var nivået i Nordland og Nord-Trøndelag på berre ein tredel av nivået i fjor. Tala var derimot relativt høge frå Sør-Trøndelag til Hordaland. I Rogaland og Agder var nivået i haust betrakteleg lågare enn i fjor.

Utviklinga av resistens er i følgje Mattilsynet enno ikkje reversert eller under kontroll i delar av landet. Problema er størst i sørlege delar av Nordland, Nord-Trøndelag og Sunnhordland. Det er ikkje meldt om resistensutvikling i Finnmark og Troms.

Lusetala, og særleg dei resistensproblema vi ser i store delar av landet, talar for at generell kapasitetsauke i form av auka MTB ikkje er tilråddleg no i desse områda. I Finnmark og Troms er situasjonen klart annleis enn i resten av landet. Her er lusenivået lågt, og det er ikkje rapportert om resistens mot dagens lusemiddel. Det er Mattilsynet si vurdering at lakselus pga. klimatiske forhold ikkje vil utgjere ein trussel nord og aust for Ullsfjorden i Nord-Troms. Mattilsynet har samstundes vurdert det slik at 5 prosent auke av MTB i Troms ikkje vil utgjere nokon vesentleg risiko med tanke på forverring av lusesituasjonen i dette fylket.

På bakgrunn av Mattilsynet si vurdering av situasjonen meiner Regjeringa at den tidligare

vedtekne kapasitetsauken på 5 prosent kan gjennomførast på eksisterande løyve i Finnmark og Troms tidleg i 2011.

3 Nærare om forslaget

I Finnmark og Troms er det høvesvis 90 og 93 løyve for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. Alle aktørar vil få tilbod om auka kapasitet for sine løyve. Dette inneber ein kapasitetsauke på om lag 1 prosent på landsbasis.

Vederlag og inntekter

Vederlaget for 5 prosent auka MTB på eit standard løyve, som er på 900 tonn MTB i desse fylka, er sett til 150 000 kroner i Finnmark og 500 000 kroner i Troms. Erfaringar har vist at marknadsverdien på løyve i Finnmark er vesentleg lågare enn i resten av landet pga. relativt større utfordringar og dårlegare tilvekst, og det er derfor rimeleg at vederlaget blir justert deretter. Dette er i tråd med praksis frå tildelingsrunden i 2009. Dei samla inntektene frå kapasitetsauken i Finnmark og Troms er vurdert til 60 mill. kroner. Vederlaga er venta innbetalt i 2011.

Området for nedkjemping av ILA i Sør-Troms

Delar av Sør-Troms er av Mattilsynet erklært som område for nedkjemping av ILA. Akvakulturaktiviteten og utsett av fisk i området er avgrensa gjennom eigen forskrift så lenge Mattilsynet meiner det er naudsynt. Innehavarar av løyve som er knytt til området vil kunne nytte seg av tilbodet om auka MTB, men vil ikkje kunne setje ut ny fisk innanfor dette området så lenge det er eit område for nedkjemping av ILA.

4 Endringar på statsbudsjettet for 2010

Det er på statsbudsjettet for 2010 budsjettert med inntekter på 360 mill. kroner under kap. 4030, post 13. Som følgje av at vederlaga på til saman anslagsvis 60 mill. kroner frå kapasitetsauken i Finnmark og Troms er venta innbetalt i 2011, vil løyvinga på kap. 4030 post 13 i 2010 bli foreslått sett ned i samband med ny saldering av statsbudsjettet for 2010.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av statsbudsjettet for 2011 (kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i Finnmark og Troms).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 (kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i Finnmark og Troms) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring i Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 (kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i Finnmark og Troms)

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det løyvd under følgjande kapittel:

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4030		Fiskeridirektoratet	
	13 (ny)	Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar, blir løyvd med	60 000 000
